



PLANPROGRAM

**Offentleg detaljreguleringsplan for Måsholmen – Håskjera,
gbnr 28/3, næring og hamn, Kinn kommune**





Kinn kommune

PLANPROGRAM

**Offentleg detaljreguleringsplan Måsholmen - Håskjera,
gbnr 28/3, næring og hamn, Kinn kommune**

Dato	29.11.2022
Sakshandsamar	Juanita Sekkingstad, Christine Humlestøl Midtbø
Kontrollert av	Jane Berg Solheim
Status	Forslag til offentlig høyring
Oppdragsnr.	2022052
Oppdragsgjevar	Florø Hamn KF v/Linda Mortensen Midtbø i samarbeid med Trolleskjæret AS, v/Thor-Arne Ullaland
Foto på framsida	Henta frå Firdaposten.no (Gunhildvågen, Foto: Arve Olav F. Solbakken)



Strandgata 15
6905 Florø
E-post: post@investconsult.no
www.investconsult.no

FØREORD

Forslag til planprogram for offentlig detaljreguleringsplan for Måsholmen - Håskjera, er utarbeidd av iVest Consult AS på vegne av tiltakshavar Florø Hamn KF v/Linda Mortensen Midtbø i samarbeid med Trolleskjæret AS, v/Thor-Arne Ullaland

Ny reguleringsplan har som formål å legge til rette for ny containerhamn med utfylling i sjø og på land vest for Trolleskjæret. Det skal her fyllast ut slik at Måsholmen og Håskjera vert kopla til landareal og det etablerte næringsområde i Gunnhildvågen. Vidare er mål med ny plan å tilretteleggje for næringsareal med tilgang til djupvasskaier, etablering av lagerbygg, (fryselager/tørrvarelager), bunkringsstasjon, skipsservice, ventehamn og kontor, m.m..

Florø er eit lokalt knutepunkt for transport og kommunikasjon på land og i sjø. Næringsstrukturen innan olje, industri, fiskeri og havbruk gjer hamnene i Florø og Kinn, viktige for samferdselssystema lokalt, regionalt og nasjonalt. Planlagd utbygging av næringsareal med direkte tilknytning til sjø, er viktige tiltak i den vidare utviklinga av næringsbyen Florø.

Kystverket planleggjar utdjupeing av skipsleia utanfor Florø, og aktuelt område ligg i nær tilknytning til dei aktuelle områda som skal utdjupeast, og området er såleis godt egna for mottak av desse massane. Vidare er det tenkt å nytte massar frå andre prosjekt med overskotsmassar i Florø og nærområde rundt, samt ved opparbeiding av Måsholmen.

Planprogrammet skal gjere greie for formål med planarbeidet, avklare premissa for utarbeiding, samt beskrive tematiske utgreiingar som må gjennomførast for å belyse verknad av planlagde tiltak og utbygging innanfor aktuelt område.

Planprogrammet vert lagt ut på høyring hausten/vinter 2022.

Etter ferdig høyring vil innspel gitt i høyringsperioden bli gjennomgått og oppsummert, eventuelt behov for endring i planprogrammet vil bli gjennomført før endeleg planprogram vert fastsett i Plan-, miljø og næringsutvalet i februar 2022.

Etter at planprogrammet er stadfesta vil det utarbeidast eit forslag til reguleringsplan med naudsynte utgreiingar til politisk handsaming vinter/våren 2023.

INNHALD

1. INNLEIING	3
1.1 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET	3
2. PLANOMRÅDET	5
2.1 AKTUELT OMRÅDE	5
2.2 DAGENS SITUASJON	5
2.3 BERØRTE EIGENDOMAR	7
2.4 AVGRENSING AV PLANOMRÅDET	8
3. SKILDRING AV PLANLAGDE TILTAK	9
4. AKTUELLE OVERORDNA RAMMER	10
4.1 NASJONALE FØRINGAR	10
4.2 REGIONALE FØRINGAR	10
4.3 KOMMUNALE FØRINGAR	11
5. METODE OG UTGREIINGSTEMA	12
5.1 METODE	12
5.2 KONSEKVENSGREIING FOR KLIMA OG MILJØ	12
5.3 0-ALTERNATIVET	13
5.4 ALTERNATIV LOKALISERING	13
5.5 TEMA SOM SKAL VURDERAST I PLANARBEIDET	13
5.6 TEMA SOM SKAL KONSEKVENSGREIAST	16
6. PLANPROSESS OG FRAMDRIFT	18
6.1 MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN	18
6.2 PLANPROSESS OG FRAMDRIFT	19


1. INNLEIING

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Næringsstrukturen innan olje, industri, fiskeri og havbruk gjer hamnene i Kinn viktige for samferdselssystema lokalt, regionalt og nasjonalt. Florø skal vere eit lokalt knutepunkt for transport og kommunikasjon på land og i sjø.

Dagens kapasitet ved hamnene i Florø er for liten, både med omsyn til kaiplass, men også for containerhamnene. Aktørar på logistikk og godshandtering opplev å måtte avvise skip, og at fleire fartøy må vente på kaiplass. Eksisterande containerhamn har lite moglegheit for utviding, noko som begrensar utvikling av hamna, samt høge kostnader til containerflytting mellom dagens containerhamner (Fugleskjerskaia og Gunhildvågen). Kommunen har vurdert fleire plasseringar av ny containerhamn og det er bestemt å gå vidare med Måsholmen-Håskjera som aktuell plassering.

Trafikkanalyse utført i samband med vurdering av ny lokalitet for containerhamn viser at ein ved plassering ved Måsholmen vil generere mindre tungtrafikk gjennom sentrum, ved at mykje av transporten foregår frå sjø til sjø. Skipa får også ei kortare innsegling til hamn enn dagens situasjon og andre vurderte lokalitetar, og ein vil såleis kunne redusere klimagassutslepp. I tillegg til å redusere biltrafikk igjennom sentrum, vil ein oppnå distanse mellom industri og bustader, samt ha tilstrekkeleg med areal til næring og hamnefunksjon. Ein opplever i dag auka press på eksisterande næringsareal ved Trolleskjeret/Gunhildvågen, og ved å ta i bruk Måsholmen som næringsareal vil ein også kunne utvide eksisterande næringsareal i dette området.



Figur 1: Lokalisering av planområde vist med raud ring (www.norgeskart.no)

Etablering av ny containerhamn ved Måsholmen er viktig for utvikling av næringsbyen Florø, og vil gje rom for utvikling av allereie etablerte næringsverksemdar på Trolleskjeret. Lokaliteten er innarbeidd i ny kommunedelplan for formålet.

Det har vore dialog med Kinn kommune om igangsetting av planarbeid for Måsholmen - Håskjera, i Kinn kommune. Det vart gjennomført oppstartsmøte med kommunen den 30.03.2022, der det vart stadfesta at kommunen stillar seg positiv til planarbeidet. Ny reguleringsplan skal legge til rette for ny containerhamn ved utfylling både i sjø og på land, slik at Måsholmen og Håskjera vert kopla til landareal ved Trolleskjeret, og såleis utvide eksisterande industriområde. Vidare siktemål med planarbeidet er å tilretteleggje for blant anna næringsareal med djupvasskaier, lager, bunkringsstasjon, skipsservice, ventehamn, kontor mm.

Næringsarealet ved Trolleskjeret er innarbeidd og konsekvensutgreidd i ny kommunedelplan *Florelandet – Brandsøy*, datert 16.06.2022. Konsekvensutgreinga er utført på kommuneplan nivå. Det vart stilt krav om konsekvensutgreiing og planprogram, jf. KU-forskrifta §6, bokstav b, då tiltak fell inn under vedlegg 1, punkt 8b) Nyetablering hamn for skip over 1350 tonn og punkt 24) Næringsbygg med meir enn 15.000 m²). Det fell i tillegg inn under vedlegg 2, punkt 11k) deponi av masse større enn 50 daa eller 50 000 m³ masse.

I samband med planarbeid for Måsholmen – Håskjeret i Florø vert det difor utarbeidd planprogram i samsvar med Plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9. Nærare avklaring kring tema som skal utgreiast blir vurdert i kapittel 6.1.


Planprogrammet skal avklare rammene for planarbeidet:

- føremål med planarbeidet
- planprosess med fristar og deltakarar
- opplegg for medverknad
- kva alternativ som vert vurderte
- behov for utgreiingar

Planprogrammet er utarbeidd av iVest Consult AS (forslagsstillar), på vegne av tiltakshavar for planarbeidet, Florø Hamn KF v/Linda Mortensen Midtbø i samarbeid med Trolleskjeret AS, v/Thor-Arne Ullaland

Forslag til planprogram vert lagt ut til offentlig ettersyn samstundes med varsel om planoppstart, og høyringsfrist skal vere minst 6 veker og er sett til den 23.01.2023.

2. PLANOMRÅDET



Figur 2: Aktuelt område (markert med raud ring) ligg vest for eksisterande næringsområde i Gunhildvågen og på Trolleskjeret.

2.1 Aktuelt område

Planområdet ligg lokalisert i Florø. Aktuelt område ligg vest for eksisterande næringsområde i Gunhildvågen og på Trolleskjeret. Her er fleire større industriverksemder som Ewos AS –større fiskefôrfabrikk, Global Fish –produksjonsanlegg for fisk, DKFB AS som produsera ferdigbetong, maskinentreprenørselskapet Trygve Ullaland AS, m.fl.

2.2 Dagens situasjon

Måsholmen og Håskjera er delar av eigeidom med gbnr 28/3 og utgjer om lag 28 daa med landareal. Området ligg under landskapsregionen *Kystbygdene på Vestlandet*, etter NIJOS nasjonale referansesystem for landskap. Landskapsområdet er vurdert å ha stor regional verdi, og er karakterisert av flate øyer, holmar og nakne skjær. Måsholmen og Håskjera ligg sentralt i skjærgården vest for Florø, tett opp til industriområdet på Trolleskjeret. Sjølve planområdet er definert under landskapstypen *Kystbygdene på Vestlandet, Ytre skjergård* og er sterkt påverka av kontakten med storhavet. Låge øyer og holmar danner låge veggjar i landskapet, og ligg eksponert til.

Sjøen kring aktuelt område er registrert med naturtype som er vurdert som viktig.

Det er eit utfartsområde og er mykje nytta av båtfolk. Vest for aktuelt planområde ligg Nekkøytåa naturreservat og Indre-Ånnøy naturreservat. Føremålet med vernet er å gje trygge og gode livsvilkår for sjøfuglar. Andre område i skjergården utanfor Florø som er verna, er deler av Ytterøyane, Aralden og Nærøyane.

Nærliggjande område er allereie etablert industriområde på Trolleskjeret, og i søraust ligg Florø lufthamn med tilhøyrande infrastruktur. Industriområdet er sterkt prega av menneskeleg aktivitet, med bygg opp mot 80 m høgde. Storåsen skjermar for sentrumsområda i nord, og hindrar visuell kontakt til planområdet. Det same gjeld friområda i Gunhildvågen, samt terrenghøgde nord for Smørvågen, som også gjev skjerming mot etablerte bustadar i nord.

Etablering av industriområde i Gunhildvågen har påverka strandlinja i området i stor grad. Området ytst på Trolleskjeret er det einaste som er igjen av den naturlege strandlinja. Dette området ligg i tilknytning til etablert industri, og vert dermed ikkje nytta til sitt formål. Måsholmen har tidlegare vore ein privat fritidseigedom, med brygge etablert i tilknytning til fritidsbustaden på holmen. Tilkomst til Måsholmen-

Håskjera er i dag via privat båt og er dermed mindre tilgjengeleg for allmenta. Høgste punkt på Måsholmen er på om lag 8 moh.




Figur 3: Syner etablert industriområde i Gunhildvågen, med sterk påverka strandlinje (Norconsult, 2020)

Industriområdet i Gunhildvågen har i dag ei brei etablering av marine næringsverksemdar, hovudsakleg fiskerirelatert. Mykje av aktiviteten krev utskipping av containerar og ein ser føre seg at det vert ei auke i containertrafikken i åra som kjem. Det er press på eksisterande tilgjengeleg areal ved dagens industriområde. Ein simulatortest syner også at etablert offentlig kai i Gunhildvågen er lite eigna til utskipping av containerar ved sør-vestlege vindar over 10 m/s, men ved å ta i bruk Måsholmen - Håskjera som næringsareal, kan ein få god regularitet opp mot 20 m/s. Det vert i dag nytta tungtrafikk mellom hamnene i Florø, og ein ynskjer for framtida å redusere dagens tungtrafikk gjennom sentrum. Ved å legge til rette for utviding av næringsareala slik planarbeidet legg opp til, vil ein såleis også legge til rette for betre kapasitet på land og i sjø, der ein kan nytte båt som transportalternativ mellom hamneområda.



Figur 4: Eksisterande industriområde i Gunhildvågen (Bilete henta ifrå Firdaposten.no, Foto: Arve Olav F. Solbakken)

I flyfoto frå 1970 og fram til 2018 ser ein at Trolleskjeret har vore fylt ut med fleire høve, og at mykje av området kring Måsholmen allereie er påverka av menneskeleg aktivitet med blant anna næringsareal på land og i sjø ved Gunhildvågen, båthamn i nord og flyplass i sør.



Figur 5: Flyfoto som viser utvikling av Gunhildvågen som industriområde (Norge i Bilde).

2.3 Berørte eigendomar

Planområdet består av eller er i berøring av følgende eigendomar:

Gbnr.	Eigar
28/03	Kinn kommune (er i prosess med overtaking)
28/930, 1029	Trolleskjæret Næringsbygg AS
28/69	Kinn kommune

2.4 Avgrensing av planområdet

Planområdet grensar mot sjø i nord, sør og i vest. Vidare grensar aktuelt område til eksisterande næringsareal på Klubbeneset. Varsla plangrense er på om lag 348 da. Det kan verte behov for mindre justeringar av plangrense i høve tilpassingar til tilgrensande reguleringsplanar. Endeleg planavgrensing kan verte justert i planprosessen.

Det vert varsla for eit større område i sjø for å kunne vurdere tilstrekkeleg areal til hamneformål i sjø, samt sikre tilflot til omkringliggande områder. Raud linje representerer varsla planavgrensing. Areal som vert landareal etter utfylling er markert i blå og utgjør om lag 124 daa av det totale arealet.



Figur 6: Raud linje syner varsla planavgrensing. Blå linje syner areal som vert landareal etter utfylling (GisLink/iVest Consult AS)

3. SKILDRING AV PLANLAGDE TILTAK

Føremålet med planen er i hovudsak å leggje til rette for containerhamn ved utfylling av massar i sjø, samt utvide etablert industriområde i Gunhildvågen, for å løyse behov for nye industriareal i tilknytning til sjø. Måsholmen og Håskjera vert då kopla til landareal ved Trolleskjeret.

Det er blant anna tenkt å nytte massar frå utdjuピング av skipsleia inn i Botnafjorden for utfylling. Ved opparbeiding av Måsholmen vil ein også kunne nytte overskotsmassar her, til utfylling, samt evt. andre overskotsmassar frå prosjekter i nærområdet/Florø. Det er planlagt fylt ned til 10 m djupne. Ved 10-16 m djupne tenker ein nytte søyler. Måsholmen vil verte planert ned til ca. kote +3. Ein antek at det vil vere behov for om lag 7- 800 000m³ masse totalt, og det vil derfor vere sannsynleg med ei trinnvis utbygging av det nye næringsarealet.

Det skal etablerast djupvasskai med kaifront slik at ein har moglegheit til å ta imot skip opp til 150-200 m lange. Det vil også vere behov for å etablere bygg for hamnerelaterte funksjonar, samt lager/fryselager (minimum 29m høgde)/bulk/droppunkt/ferdigvare. Det skal leggst til rette for at containerar kan stablast i inntil 7 høgder. Plassering og utforming må tilretteleggjast slik at det vert sikra god drift og god intern logistikk, innanfor nytt næringsområde og opp i mot eksisterande næringsareal i Gunhildvågen.

Tilknytning til landareal skal utformast i forhold til intern logistikk der ein blant anna unngår stigningsforhold i høve truckar etc. Tilkoblingsareal mellom dagens næringsareal og nytt landareal skal vurderast etablert kai/ventekai, for å best mogleg leggje til rette for planlagd aktivitet.

Ei trafikkanalyse utført av Norconsult syner at tungtrafikken som vert generert gjennom Florø sentrum vil verte mindre ved etablering av containerhamn i Gunhildvågen. Det er hovudsakleg tenkt å nytte sjø-sjø transport, der biltrafikk til næringsområdet i Gunhildvågen skal avgrensast. Evt. behov for omlegging av eksisterande trafikklysing innanfor dagens næringsareal skal vurderast i samanheng med etablering av nytt næringsområde, slik at nytt og eksisterande næringsareal kan fungere som eitt samla næringsareal med god intern logistikk mellom områda.

Det er tenkt å leggje vekt på grøne løysingar innanfor området. Lokalisering av containerhamna vil gje kortare innsegling enn andre vurderte områder. Vidare vil ein sjå på moglegheitane for å tilretteleggje for miljømessige gode energiløysingar/fornybare energikjelder, t.d. å nytte overskotsvarme frå fryselager til oppvarming m.m. Det skal vurderast etablering av ny større energisentral i den samanheng. Ved etablering av ein slik energisentral vil ein kunne etablere ny landkabel som kan sikre straumtilførsel til eksisterande og nytt næringsområde, i tillegg til eit større område rundt, då inkludert øyane.

I høve landskap er det planlagt blant anna variasjon i byggehøgde og fokus på fargebruk slik at bygg glir meir inn i miljøet (grå/blå eller liknande). Det er også planlagt fine avslutningar til sjø i områder der det ikkje vert etablert kaier.



Figur 7: Inspirasjonsbilete henta ifrå: a)Kvalsund industri (iFinnmark.no), b) Holmen industriområde (www.oeas.no)

4. AKTUELLE OVERORDNA RAMMER

4.1 Nasjonale føringer

Plan- og bygningslova frå 2008 innførte eit lovbestemt krav om at regjeringa kvart fjerde år skal utarbeide et dokument med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette går frem av plan- og bygningsloven § 6-1. Bakgrunnen er eit ønske om å oppnå betre samhandling mellom plan-nivåa, og i sum betre relevans, måloppnåing og samordning av mynde i planlegginga.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, vart vedteke ved kongeleg resolusjon 14.05.2019, og legg vekt på:

- *Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling*
- *Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet*
- *Berekraftig areal- og transportutvikling:*
- *Byar og tettstader der det er godt å bu og leve*

Statlege planretningslinjer:

- Klima- og energiplanlegging, og klimatilpassing (2018)
- Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (2021)
- Born og unges interesser (1995):

Andre aktuelle planfaglege retningslinjer:

- Naturmangfald (2009)
- Friluftsliv (2015-2016)
- Byggeskikk og estetikk
- Universell utforming (2009)

4.2 Regionale føringer

Vestland fylkeskommune har opplyst at ved overgang til Vestland fylke vil regionale planar vedteke i Sogn og Fjordane gjelde for gamle Sogn og Fjordane, fram til desse planane vert avløyst av nye planar i Vestland. Regionale planar og strategiar som er særleg relevant for dette arbeidet er:


- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, Vestland fylkeskommune
- Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- Regional strategisk plan for kysten 2018-2029, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- Regionalplan for klimaomstilling 2018-2021, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Plandel, Kunnskapsdelen, Handlingsprogram
- Regional transportplan 2022-2033, Vestland fylkeskommune
- Regional plan for folkehelse 2015-2025, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- Regional plan for vassforvaltning 2016-2021, Sogn og Fjordane Fylkeskommune
- Klimaprofil, Sogn og Fjordane (2016), Norsk Klimaservicesenter

4.3 Kommunale føringar

Kommunedelplan

Aktuelt område er i *kommunedelplan Florelandet Brandsøy* (PlanID: 20200001), datert 16.06.2022, avsett til framtidig hamn, hamneområde i sjø og næringsverksemd. Deler av området der Måsholmen er tenkt kopla til fastland på Trolleskjeret har arealformål næringsvirksomhet med grense til *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone*. Området er også omgitt av hensynssone for friluftsliv, samt faresone for flaum.

Det er tidlegare vurdert fleire alternativ til plassering av ny containerhamn. Måsholmen-Håskjera er konsekvensutgreidd i høve landskap, og natur og miljø. Utfylling i området er vurdert å medføre forringelse i naturmiljøet kring Måsholmen-Håskjera. Med framlegg om avbøtande tiltak har kommunen valt å innarbeide arealet i kommunedelplanen, då området vil vere tenleg i høve samferdsel og trafikk, næringsutvikling og for nasjonale og regionale mål for hamne/maritim – politikk. Dei avbøtande tiltaka dreiar seg i stor grad om estetikk på planlagde tiltak. Dei legg vekt på fargeval og plassering av bygg slik at dei tilpassar seg landskapet best mogleg. Andre forslag til avbøtande tiltak er å la delar av holme eller strandsone stå igjen, utan å øydelegge for tiltenkte funksjonar og arealbehov, oppretthalde straumningsforhald mellom Måsholmen og eksisterande industriareal, samt bruke vegetasjon som skjermande element.



Figur 8: Aktuelt område er del av kommunedelplan Florelandet Brandsøy, datert 16.06.2022 (www.kommunekart.com)

Eksisterande reguleringsplanar

Måsholmen og Håskjera inngår ikkje i eksisterande reguleringsplan for området.

Det er igangsatt planarbeid for Gunhildvågen nord (BN5), då reguleringsplan (PlanID: 140120030101) for dette området opphøyrer i samband med *kommunedelplan Florelandet Brandsøy*. Reguleringsplan for Gunhildvågen vil sikre vegtilkomst til planområdet ved Måsholmen. Det vert lagt opp til tett prosess mellom privat detaljreguleringsplan for Gunhildvågen nord og offentlig detaljreguleringsplan for Måsholmen-Håskjera.

5. METODE OG UTGREIINGSTEMA

5.1 Metode

I samsvar med plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiing skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing for planforslaget for Måsholmen - Håskjera.

Konsekvensutgreiinga skal identifisere og beskrive dei faktorar som kan bli påverka av planarbeidet, og vurdere vesentlege verknad planlagde tiltak kan ha for miljø og samfunn i og rundt planområdet.

5.2 Konsekvensutgreiing for klima og miljø

Ved utarbeiding av konsekvensutgreiinga skal metodikken i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 *Konsekvensutredninger for klima og miljø* leggjast til grunn, med vurdering og analyse av *verdi, omfang og konsekvens*.

Vurderinga av verknadane skal gjerast på grunnlag av dei løysingane som vert valt og dei effektane dette har for miljø og samfunn. For aktuelle tema i konsekvensutgreiinga er det spesifisert følgjande i planprogrammet:

- Hovudproblemstilling og fokus for utgreiinga
- Tilrådd metode
- Grunnlagsmateriale: Oversikt over eksisterande kunnskap i form av planar, utgreiingar, retningslinjer, registreringar, databasar m.fl.

Miljødirektoratet sin veileder for metode er digitalisert på Miljødirektoratets si nettside <https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredninger>. Skildring av metode vert derfor ikkje nærare beskrive i Planprogrammet.



Figur 11: Miljødirektoratet sin veileder for konsekvensutgreiing for klima og miljø (<https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredninger>)

5.3 0-alternativet

Konsekvensutgreiing skal innehalde ei samanstilling av konsekvensar av tiltaka samanlikna med 0-alternativet, og med ei vurdering av måloppnåing i forhold til overordna planar. Det vil også bli gjort greie for eventuelle avbøtande tiltak som kan forebygge skadeverknad for miljø og samfunn, samt oppfølgjande undersøkinga som vert anbefalt. Med 0-alternativet meinast då dagens situasjon.

0-alternativet for området (dagens situasjon) er noverande bruk av området, eller planlagde framtidige løysingar, som samsvarar med føringane i vedteke kommunedelplan. Område er del av kommunedelplan *Florelandet-Brandsøy (2022)* og er i hovudsak regulert til hamn, hamneområde i sjø og næringsvirksomhet, med hensynssone for friluftsliv og bevaring av naturmiljø. Område der ein har tenkt å kople Måsholmen til landareal har arealformål *bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsoner*. Problemstillingar og forslag til løysingar i planarbeidet, vil vurderast opp mot dette som 0-alternativet.

5.4 Alternativ lokalisering

Då planformålet er direkte knytt til avsett areal i kommunedelplan vil det i vidare planarbeid ikkje vurderast alternativ lokalisering, men det vert sett på forskjellige alternativ i høve utbygging på Måsholmen-Håskjera.

5.5 Tema som skal vurderast i planarbeidet

Planlagde tiltak er vurdert å vere i tråd med gjeldande kommunedelplan for Måsholmen – Håskjera, som del av kommunedelplan *Florelandet – Brandsøy (2022)*. Det er utarbeidd konsekvensutgreiing (på kommuneplannivå) for marine naturverdiar i området, samt ei landskapsvurdering av utfylling ved Måsholmen-Håskjera.

Tema som skal vurderast eller konsekvensutgreiast i planarbeidet er vist i tabell nedanfor. Tema i tabell er utarbeidd med utgangspunkt i KU forskrifta § 21 og er supplert med andre tema som er vurdert å vere relevante i planarbeidet jfr. referat frå oppstartsmøte med Kinn kommune. Problemstillingane lista opp i tabell er knytt til noverande kunnskapsgrunnlag i planarbeidet, og såleis ikkje uttømmende for kvart enkelt tema i det vidare planarbeidet.

Tema som blir vurdert å måtte konsekvensutgreiast vert nærare skildra i kapittel 5.6. Tema som skal konsekvensutgreiast.

Tema	Problemstilling	Utgreiingsbehov
Naturmangfald, jf. naturmangfaldsloven	Basert på konsekvensutgreiing for marine naturverdiar (kommunedelplan) er tiltak vurdert å med stor sannsynlegheit medføre sterk forringing av naturmiljøet. Det skal utførast vidare undersøkingar på dette, og tema vil dermed inngå i konsekvensutgreiing. I konsekvensutgreiinga skal løysingar i høve naturmangfald i land og sjø også dokumenterast. Vassgjennomstrømning i område mellom Trolleskjeret og Måsholmen (påkopling til land), vurderingar kring nærliggjande områder, og naturreservat skal også inngå som del av dette temaet.	Konsekvensutgreiast
Økosystemtenestar	Tema inngår som del i naturmangfald i samsvar med Miljødirektoratets veileder M-1941.	

	Tema økosystemtenestar vil såleis ikkje bli utgreia som eige tema i KU men inngå i tema under Naturmangfald.	
Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål	For aktuelle miljømål som må konsekvensutgreiast vil gjeldande miljømål bli referert til i planen.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor aktuelt planområde på land eller i sjø. I samanheng med varsling av planarbeid og høyring av planprogram skal det avklarast behov for kulturminneregistrering. Vurdering av kystlandskap inngår som del av KU for tema landskap.	Planomtale
Friluftsliv	Eksisterande område har høg verdi for friluftsliv i sjø. Det er i dag ferdsel for fritidsbåtar gjennom området. I M-1941 blir det vist til at temaet skal konsekvensutgreiast dersom planen eller tiltaka medføra begrensa aktivitetsmål. Tiltak legg til rette for utfylling i sjø og vil såleis gje behov for endra seglingsmønster for fritidsbåtar i området. Tema inngår i konsekvensutgreiing i plan.	Konsekvensutgreiast
Landskap	Opparbeiding av nytt landareal vil påverke landskapsbiletet i området. Planens verknad på landskapet skal derfor konsekvensutgreiast. Vurdering av kystlandskap i høve innsegling vil verte inkludert i tema for Landskap. Vurdering av strandsone vil inngå under tema.	Konsekvensutgreiast
Forureining (utslepp til luft, her under klimagass-utslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy)	Det er tenkt å nytte massar frå utdjuving av Botnafjorden og eventuelt andre overskotsmassar frå nærliggjande område. Aktuelt tiltak i høve fylling i sjø må søkast til Statsforvaltar etter forureiningslova. Det skal utførast sedimentundersøking i høve grunnforureining av fagkunnig. Avbøtande tiltak i høve anleggsperiode vil dokumenterast. Støysonekartlegging skal utførast. I forhold til klimagassutslepp vil dette t.d vere ved <i>omdisponering av myr og skog, eller planer som medfører sterk vekst i biltrafikken</i> . Transport ved Måsholmen vil i hovudsak vere frå sjø til sjø, og vil avgrensast via veg. Tema forureining vert vidare vurdert i ROS-Analyse og planomtale	Planomtale/ROS-Analyse
Vassmiljø, jf. vassforskrifta	Vassmiljø er vurdert å inngå i tema under naturmangfald då plantiltak kan påverke miljøstanden i vassførekomsten. Løysing for sambinding til fastlandet og påverknad for vassgjennomstrømming skal vurderast i høve vassmiljø.	Vassmiljø inngår i Konsekvensutgreiing under tema naturmangfald
Jordressursar (jordvern) og viktige mineralressursar	Ikkje aktuelt tema i denne planen.	
Samisk natur- og kulturgrunnlag	Ikkje aktuelt tema i denne planen.	

Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar	Etablering av containerhamn ved Måsholmen-Håskjera er i samband med kommunedelplan vurdert å ha positiv verknad for trafikk gjennom Florø sentrum, då det i hovudsak vert planlagt for transport sjø til sjø. Dette vil bidra til å redusere godstrafikk gjennom sentrumsområde. Det skal også leggjast vekt på å finne miljømessige gode energiløysingar/fornybare energikjelder. Ein vil sjå på moglegheita for å nytte overskotsvarme frå fryselager til blant anna oppvarming av eksisterande firma og eventuelt nye innanfor området.	Planomtale/ROS-analyse
Beredskap og ulykkesrisiko	Ved plantiltak må det blant anna leggjast vekt på tilkomst for utrykkingskøyretøy. Tema Beredskap og ulykkesrisiko inngår som del av ROS-Analyse og vil bli vurdert i planarbeidet.	Planomtale/ROS-Analyse
Verknad som følgje av klimaendringar, herunder risiko ved havnivåstigning, stormflo, flaum og skred	Området ligg innafor omsynssone for havnivåstigning, stormflo og bølgepåverknad. Tema inngår som del av ROS-analyse og vil bli vurdert i planarbeidet.	Planomtale/ROS-Analyse
Befolkninga si helse og helsa si fordeling i befolkninga	Planlagde tiltak og planens verknad for helse inngår i vurderinga i tema som t.d. friluftsliv, folkehelse, barn, unge og eldre, samt evt. forureining, trafikk, m.fl. Vurdering knytt til tema vil såleis bli vurdert i Planomtale og ROS-Analyse.	Planomtale
Tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett	Behov for tilrettelegging for mjuke trafikantar til og frå næringsområdet vil bli vurdert og inngå som plantema i planomtale.	Planomtale
Barn og unge sine oppvekstvilkår	Born og unge inngår som plantema i planomtale.	Planomtale
Kriminalitetsforebygging	Området vert eit lukka område (ISPS), og kriminalitetsforebygging vert ivareteke.	
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.	Det skal gjennom planarbeidet leggast til rette for ei god avslutting mot sjø. Plassering av bygningsvolum skal vurderast, med mål om å gje mindre konsekvens i høve landskap. Tema vil inngå som del av planomtale og KU for landskap.	Planomtale og Konsekvensutgreiing for Landskap
Øvrige relevante tema frå oppstartsmøte:		
Strandsona	Innanfor planområdet er det etablert næringsverksemd som gjer området mindre attraktivt for rekreasjon og leik i strandsona. Då tiltak omfattar utfylling og nedplanering av Måsholmen og Håskjera vert strandsona likevel eit viktig tema i planprosessen. Ålmenta sine interesser knytt til strandsona, sjø og vassdrag skal inngå i konsekvensutgreiing for friluftsliv. Då tiltak omfattar utfylling i sjø vert strandsona også utgreidd i	Inngå i konsekvensutgreiing for landskap, naturmangfald og friluftsliv

	konsekvensutgreiing for landskap og i høve naturmangfald.	
Infrastruktur – tilkomstveg og trafikkforhold, ferdsel og tilflot i sjø	Trafikkvurdering utført av Norconsult (2020) syner at etablering av containerhamn i Gunhildvågen vil generere mindre trafikk gjennom sentrum, enn alternativa då sjø til sjø skal vere hovudlinja for aktivitet i området. Transport via veg skal avgrensast. Intern trafikkavvikling innanfor dagens næringsareal skal vurderast i samband med samankobling av nytt landareal ved Måsholmen-Håskjera, slik at nytt og eksisterande næringsareal kan fungere som eitt samla næringsareal med god intern logistikk. Det skal vurderast behov for tilrettelegging for mjuke trafikantar til og frå næringsområdet. Det skal framgå i planarbeidet korleis ferdsel og tilflot i sjø vert best mogleg ivareteke. Planforslag skal vise fyllingsfot i sjø. Vurdering knytt til tema infrastruktur inngår som vanleg i plantema planomtale.	Planomtale/ ROS-Analyse
Infrastruktur – vatn og avløp, handtering av overvatn	Det skal leggjast vekt på god miljømessig handtering av overvatn i planprosessen. Det skal avklarast med kommunen om det er tilfredsstillande kapasitet på eksisterande VA-anlegg, eller om det må gjerast utbetringar. Vurderingar knytt til infrastruktur inngår som vanleg plantema i planomtale.	Planomtale/ ROS-Analyse
Parkering	Det skal takast omsyn til at det vert lagt opp til arealkrevjande industri. Krav til tal parkeringsplassar vert vurdert opp imot tal tilsette og drifta for aktuell verksemd. Tema inngår som del av planomtale.	Planomtale
Grunnforhold	Det vil bli utført geotekniske undersøkingar og vurderingar for utfylling i samband med planarbeid.	Planomtale/ROS-Analyse

5.6 Tema som skal konsekvensutgreiast

På bakgrunn av omfanget og verknadene i planarbeidet er det i planprogrammet lagt vekt på at følgjande tema for klima og miljø skal konsekvensutgreiast:

1.	Landskap
Hovudproblemstilling og fokus for vurderinga	Planområdet ligg i kystlandskap med låge øyar og holmar og store vassbasseng rundt skjergarden, som gjer at landskapsrommet opplevast som stort, og i teorien kan ein sjå planområdet på lange avstandar. Størrelsen på område som skal utfyllast, utbyggingsvolum og utforming på tomta vil påverke dagens landskapsbilde både i forhold til nær- og fjernverknad. Tiltak vil medføre evige endringar av strandsona. Grad av ny fylling og avslutning av denne vil vere viktig for landskapsbildet, då særleg nærverknad sett frå sjø.

	Fokus på god landskapstilpassing med estetisk tilnærming og kvalitetar er viktig i planprosessen.
Metode	Vurdere kor store endringar tiltaket er antatt å representere for landskapsbildet, nær- og fjernverknad. Nytte utarbeidde illustrasjonar over tiltak med bygningsvolum. Vurdering av avbøtande tiltak i høve fylling, bygningsvolum og andre tiltak vil inngå i konsekvensutgreiinga. Vurdering av konsekvens for strandsone i høve landskap. Vurdering opp mot 0-alternativet.
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> - Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 - Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Sogn og Fjordane (Riksantikvaren) - Synfaring. - Landskapsvurdering og visualisering ny containerhamn (Norconsult) - Kart med terrenginngrep. - Foto og illustrasjonar

2.	Naturmangfald
Hovudproblemstilling og fokus for vurderinga	<p>Plantiltak vil medføre nedbygging av landareal ved Måsholmen og Håskjera, og kringliggjande sjøareal.</p> <p>Naturmangfaldverdien i området er satt til høg då ein har gytefelt som er sett på som regionalt viktig. Det er også registrert større tareskogforekomster med svært viktig verdi (verdi A) i det aktuelle området. Området er såleis vurdert som viktig naturområde i sjø, med stort biologisk mangfald.</p> <p>I etableringsfase må det takast omsyn til trykkbølgjer i vannmassane i forbindelse med spunting/peling, då dette kan påverke fisk i kringliggjande område.</p> <p>Det er vurdert at auka båttrafikk vil gje støy som påverkar lite til ubetydeleg i høve marint naturmiljø.</p> <p>Det er ved utfylling tenkt at Måsholmen og Håskjera knytast til landareal ved Trolleskjeret. Ei utfylling av området vil kunne påverke strømningsforhalda i sjø og vassmiljø-forhalda. Vurdering av vassmiljø vil inngå i konsekvensutgreiinga.</p> <p>Indre-Ånnøy- og Nekkøya naturreservat ligg om lag 2-3 km i frå Måsholmen, og det må vurderast om planlagte tiltak vil ha konsekvens for naturreservata.</p>
Metode	<p>Planen sin verknad for natur- og biologisk mangfald på land og i sjø, vert vurdert på bakgrunn av føreliggjande registreringar og nye undersøkingar.</p> <p>Vurdere val av løysing for samanbinding. Med vidare vurdering av konsekvens for vassmiljø.</p> <p>Vurdering av strandsone i høve naturmangfald.</p> <p>Vurdering av avbøtande tiltak vil inngå i konsekvensutgreiinga.</p> <p>Vurdering opp mot 0-alternativet.</p>
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> - Naturmangfaldlova - Konsekvensutgreiing for marine naturverdiar ved Måsholmen (Norconsult) - Forskrift om fremmede organismer - Artsdata i Artsdataregisteret - Naturbasen til Miljødirektoratet - Kartlegging av marint biologisk mangfald, DN-håndbok 19. - Fylkesatlas - Nye registreringar og undersøkingar på detaljreguleringsplan-nivå.

3.	Friluftsliv
Hovudproblemstilling og fokus for vurderinga	Skjergården i Florø ligg tett på sentrum og er omkransa av større og mindre øyer og holmer. Område rundt Måsholmen og Håskjera er eit godt brukt båtutfartsområde og såleis eit viktig friluftsområde. Båtutfart i leia for fritidsbåtar går i dag gjennom planområde. Ny/auka skipstrafikk i området kan komme i konflikt med ferdsel for fritidsbåtar. Utbygging vil medføre at det ikkje lenger vil vere mogleg å nytte Måsholmen og Håskjera til friluftsliv. I gjeldande kommunedelplan er ein del av området regulert til <i>Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone, og omsynssone Friluftsliv og bevaring naturmiljø.</i>
Metode	Planen sin verknad for friluftsliv på land og sjø vert vurdert på bakgrunn av utførte og nye registreringar. Vurdering av avbøtande tiltak vil inngå i konsekvensutgreiinga. Vurdering av strandsone i høve friluftsliv. Vurdering opp mot 0-alternativet.
Grunnlagsmaterial	<ul style="list-style-type: none">- Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941- Informasjon frå offentlege instansar, kommunen og organisasjonar- Kart/influensområde- Nye registreringar på detaljreguleringsplan-nivå

6. PLANPROSESS OG FRAMDRIFT

6.1 Medverknad i planprosessen

I samsvar med plan- og bygningslovens §5-1 skal det leggjast til rette for medverknad i planarbeidet. I arbeidet med detaljregulering for Måsholmen - Håskjera skal det sikrast medverknad gjennom følgjande aktivitetar:

- Ved varsling av planarbeidet og ved offentlege høyring av planprogrammet.
- Dialog med offentlege instansar, grunneigarar og næringsaktørar i området.
- Folkemøte i forbindelse med utkast til planforslag.
- Ved framlegg til planforslag.

Varsling av planarbeidet vert kunngjort i avisa Firdaposten, på www.ivistconsult.no og kinn.kommune.no sine nettsider, samstundes med at forslag til planprogram vert lagt ut til offentlig ettersyn. Berørte partar/grunneigarar og offentlege instansar tilskrive med eige brev og det vert invitert til folkemøte. Etter høyringsperioden for planprogrammet vil innspel bli vurdert før det blir lagt fram eit revidert planprogram for politisk handsaming.

Utarbeiding av planforslag og konsekvensutgreiing vil skje på bakgrunn av fastsett planprogram, og ulike råd, utval og interessegrupper vil bli involvert i arbeidet.

Det kan bli aktuelt å søke dispensasjon for mindre del av fylling i sjø i påvente av plan. Dette for å sikre mottak av disponible steinmassar som kjem sjøvegen. Naudsynte undersøkingar og nødvendig løyve i forbindelse med fylling i sjø, vil då føreligge.

6.2 Planprosess og framdrift

Tabell syna planprosess og planlagt framdrift ved varsling av planarbeidet.

Fasar i planarbeidet	Samarbeid og medverknad	Ansvarleg	Forslag til Framdrift
Planoppstartsmøte		Tiltakshavar Forslagsstillar	30.03.2022 (utført)
Utarbeide forslag til planprogram	Kinn kommune	Tiltakshavar Forslagsstillar	Veke 24-37, 2022
Administrativ behandling av Planprogram før høyring	Kinn kommune		Veke 38-39, 2022
Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram, 6 veker	Tiltakshavar og Forslagsstillar	Forslagsstillar	Veke 48-4, 2022
Vedtak av planprogram m/vurdering av innkomande merknader til planprogrammet	Tiltakshavar og Forslagsstillar	Kinn kommune	Februar 2023
Utarbeiding av framlegg til Detaljreguleringsplan med KU og ROS.	Kinn kommune	Tiltakshavar og Forslagsstillar	Februar/Mars/April/Mai 2023
Administrativ handsaming av planutkast		Kinn kommune	Mai/Juni 2023
Politisk handsaming av planutkast		Kinn kommune	Juni 2023
Offentleg ettersyn av planframlegg		Kinn kommune	Sommar/haust 2023
Handsaming av planframlegget med merknader etter høyring	Tiltakshavar og Forslagsstillar (innspel/merknadsvurdering)	Kinn kommune	Sommar/haust 2023
Endeleg vedtak av reguleringsplan		Kinn kommune	Sommar/haust 2023